

		Endeleg
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga	Kontroll ved Sunde gjenvinning AS, avd. Kaupanger	RAPPORT

Verksemda si adresse:	P.b. 193, 6882 Øvre Årdal Stad: Kaupanger Industrifelt	Arkivkode:	
Lovverk:	Sjå kap. 2 Dokumentgrunnlag	Tidsrom for kontrollen:	3.11.2005
Kontrollør:	Gøsta Hagenlund	Kontaktperson i verksemda:	Hans Arne Vikheim og Raymond Strand
Deltaking frå verksemda:	Hans Arne Vikheim og Raymond Strand		48 01 00 10 57 66 35 50

Innhald i rapporten:

Rapporten omtalar avvik og merknader som vart konstatert under kontrollen. Andre tilhøve som vedkjem aktuelle kontrolltema er og omtalt.

Hovudkonklusjon:

”Vanlege” væsker og komponentar vert godt handtert.

Det manglar oversikt og handteringsmåtar i høve til nyare krav til sanering.

Utarbeidd dato: 22.11.2005

For Fylkesmannen Gøsta Hagenlund
kontrollør

Innhald

	Side
1. Innleiing	2
2. Dokumentgrunnlag	2
3. Merknader	3

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Sunde gjenvinning AS, avd. Kaupanger sitt anlegg for mottak og handtering av kasserte kjøretøy (biloppsamlingsplass) den 3.11.2005.

Kontrollen er ein del av ein landsomfattande kontrollaksjon som Statens forurensningstilsyn og Fylkesmennene gjennomfører hausten 2005. Målet med aksjonen er å kontrollere at dei verksemdene som tek i mot og handterer kasserte kjøretøy (bilvrak m.m.) gjer ei forsvarleg miljøsanering av kjøretøya, at verksemda ikkje fører til ureining og forsøpling av omgivnadene, og at utsortert miljøfarleg avfall blir handtert og levert på ein forskriftsmessig måte.

Kontrollen vart gjennomført ved samtalar med ansvarlege for verksemda, gjennomgang av diverse rutinar og journalar, og ved inspeksjon ved verksemda.

Kort omtale av verksemda:

Sunde gjenvinning AS, avd. Kaupanger driv med mottak av bilvrak og omlasting av næringsavfall. Plassen er sentral i fylket når det gjeld mottak, mellomlagring og omlasting av bildekk.

Definisjonar:

AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)

MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

2. Dokumentgrunnlag

Særleg viktige dokument for kontrollen:

- ”Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)”

- ”Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)”, kapittel 3, 4, 5 og 11.
- ”Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)”, kapittel 1 og 13.
- Utsleppsløyve datert 17.6.2004
- SFT-retningsline TA-1923/2002; Kasserete kjøretøy.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta).

3. Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1: Bilvraka vert godt miljøsanert på ”vanlege” væsker/komponentar, men verksemda er for lite førebudd på nye krav i regelverket.

Kommentar: Døme på komponentar/væsker som kan verte feil eller mangelfullt handtert er:

- Kuldemedium. Det har etter verksemda si melding vore få/ingen bilar med kuldemedium som har vore sanert til no. Verksemda meiner dei kan avtale med nærliggande firma om sanering, men kan ikkje vise til avtale eller dokumentere korleis dette vil blir gjennomført.
- Kvikksølvhaldige brytarar. Det er eit problem å få tak i rett liste over bilar som har slike komponentar, kor dei er plasserte i bilen og korleis dei skal takast ut. Lista frå SFT er ikkje fullstendig og ikkje tilstrekkeleg detaljert. Det finst eit system (IDIS) som er ein nettbasert betalteneste med detaljteikningar, som bransjen må avklare korleis kan nyttast. Denne løysinga er lite kjend for verksemda.
- Oljefylte støtdemparar vert ikkje tømde før pressing.
- Nyare krav til komponentuttak i forskrifta (vedlegg i til kap. 4 i Avfallsforskrifta) er det berre i mindre grad teke omsyn til. Førebels kjem det inn få/ingen nyare bilar.

Merknad 2: Det er ikkje utarbeidd arbeidsliste over fraksjonar som skal takast ut.

Kommentar: ”Vanlege” væsker og komponentar vert teke ut av bilvraka på ein god og profesjonell måte, med lite søl og med god mellomlagring av avfall og restprodukt. Kunnskapen til nytt regelverk var for liten. Nye krav til uttak av komponentar er ikkje innført. Det kan ikkje dokumenterast at alle komponentar/væsker er teke ut av bilvraket. Det bør lagast til ei sjekklister der alle aktuelle komponentar er lista opp. Utfylt liste bør vere ein del av mottaket sin internkontroll dokumentasjon.